



Vikarprest Arne Nataas tala til den utvalde kyrkjelyden på vel 20 personar.

Kyrkjelyden talde ikkje så mange i dag på friluftsgudstenesta i Vågen på Skorpo. Varmen gjorde sitt og mange kvitte seg med å ta over Storsund når temperaturen passerte 30 varmegrader. Derimot var det to prestar i tunet, ein på ferie og på Skorpo for fyrste gong og ein i vikarteneste. Elles er det alltid like gildt og personleg å få koma til Skorpo på gudsteneste.

Teksten på 7. sundag i Treeiningstida er henta frå Markus kap. 5 om kvinna som slit med blødningar. Kvinna er sterk i trua..Jesus gjer eit under og ho vert frisk.

Arne Nataas er prest. Annbjørg i Vågen er klokkar. Broren Ole Kristoffer er skysskar. Sønene Nils Rainer og Nikolai Vågen er aktive i gudstenesta, preludie spela på eufonium og postludie spela på fele.



Nils Rainer Vågen spela preludie på eufonium.

Brørne er aktive musikantar i ulike miljø og vil ha stor glede av musikken i åra framover. Nils Rainer tek til på musikkлина på Stord vidaregåande skule i haust. Nikolai er konfirmant til neste år.

Dei vel 20 frammøtte er både hyttefolk og tilreisande. Nokre kjem med kyrkjeskysse, andre kjem med egne båtar. Av dei er det nokre som ror til gudstenesta i dag i egne færingar.

Etter gudstenesta vert alle inviterte inn i huset på kyrkjekaffi. Varmen gjorde at maten måtte serverast inne. Takk til familien i Vågen for varm velkomst og eit triveleg opphald.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Nikolai Vågen avslutta gudstenesta med å spela preludie på fele.